



Også idrettslaget har kome med ei uttale om sandtak-planane. Laget peikar mellom anna på at det ikkje kjem klårt fram korleis aktiviteten i sandtaket vil bli på ettermiddag og kveldstid. Idrettslaget si uro er i hovudsak knytt til dette.

Heio er i bruk frå omlag april til september og i denne tida arrangerer idrettslaget organisert trening- for det meste fotballtrening, for born i alderen 5-15 år. Talet på aktive born i desse treningane varierer mellom 15 og 30. Det blir arrangert om lag 10 treningsøktar i løpet av ei veke og som regel føregår øktene mellom klokka 17 og 20. I og med at Heio ikkje har kunstig ljøs, vert anlegget ikkje nytta utan dagsljøs.

Dei eldste spelarane nyttar stort sett sykkel for å komme seg til å frå og det er desse laget er mest uroa for i samband med det nye tiltaket. Fylkesvegen har mange uoversiktlege parti og ei godt trena tenåring får god fart på sykkelen, spesielt ned dalen. Gutane sykklar ofte i flokk, noko som tek tankar og fokus bort frå trafikktryggleik og eiga åtferd i trafikken.

I tillegg er Heio jamnleg i bruk utanom dei organiserte treningane og då av tenåringar og ungdommar som sykklar frå riksvegen til Heio. Desse aktivitetane føregår på ettermiddagstid i vekene der spelarane går på skule. I skulen sin sommarferie føregår slik aktivitet like gjerne på dagtid. Som eigar av anlegget kjenner idrettslaget ansvar også for tenåringane i desse aktivitetane. Laget har i dei seinare år tillete bruk av av bana utanom dei organiserte treningstidene for å stimulere aktivitet og voner at tenåringane også i framtida kan sykle til og frå Heio på ein trygg veg.

Av Ola Matti Mathisen